

Handlingsplan for oppfølging av internrevisjon frå Helse Vest på internasjonalt samarbeid

IR si tilråding	AD si vurdering	Tiltak	Tidsfrist	Ansvar
Helseføretaka må vere tydelege på at det internasjonale samarbeidet anten er forankra i dei pålagte oppgåvene til helseføretaka eller at det blir sett som legitimert i føretaket sitt handlingsrom. Helseføretaka bør vere transparente og kommunisere tydeleg kva for vurderingar som ligg til grunn for korleis det internasjonale samarbeidet er forankra.	Organiseringa av Helseteam til innsats ved kriser i utlandet og Nasjonal kompetansetjeneste for importsykdommer er forankra i myndigheitspålegg. Dei andre aktivitetane er innafor handlingsrommet til føretaket og seinast vedtatt i ny strategiplan av styret i Helse Bergen, november 2017. Grunngevinga for øvrige aktivitetar er eigen kompetansebygging et vesentleg argument (vinn-vinn).	Forbetre intern og ekstern kommunikasjon som gjeld forankringa av det internasjonale arbeidet på nettsider og andre kanalar.	01.06.18	AIS
Helseføretaka bør systematisk gjennomføre risikovurderingar på eit overordna nivå og for dei enkelte prosjekta i planleggingsfasen, betre målformuleringar og oppfølging i tråd med forskrift om leiing og kvalitetsforbetringar. Tiltak bør setjast i verk der ein vurderer at risiko knytt til	AD støtter tilrådinga	Gjennomføre risikovurdering på overordnet nivå Tilpasse eksisterende mal for risikovurdering på prosjektnivå	01.10.18 01.10.18	AIS AIS

Handlingsplan for oppfølging av internrevisjon frå Helse Vest på internasjonalt samarbeid

anten måloppnåing, helse og miljø og/eller for å overhalde lover og reglar er uakseptabel.				
Helseføretaka bør vurdere å etablere eit anti-korrupsjonsprogram for det internasjonale samarbeidet. Programmet bør rettast mot all internasjonal aktivitet, det gjeld utestasjonerte, samarbeidspartnarar og byggjeprojekt.	Dei eksternfinansierte prosjekta via FK/UD/Norad er underlagt egne antikorrupsjonsprogram. Medisinsk etikk er et satsingsområde i vekst i det internasjonale arbeidet på HUS.	AD vil vurdere behovet for ytterlegare tiltak som dekkjer internfinansierte aktiviteter.	01.10.18	AIS
Helseføretaka bør sikre at alle rutinedokument blir publisert i ikkje-redigerbart format og datert. Det bør i tillegg spesifiserast roller og ansvar og dokumenteigar. Dei bør vidare etablere konkrete og operasjonaliserte beredskapsplanar for personell på oppdrag i utlandet.	AD støtter tilrådinga	Legge inn eksisterande styrande dokument i dokumentsystem EK i føretaket og identifisere manglar og behov for oppdatering.	31.12.18	AIS
Helse Bergen bør gjennomgå og tydeleggjere standardavtalene, mellom anna få fram kva for eit dokument som har forrang dersom det er motstrid. Vidare bør føretaket avklare	AD støtter tilrådinga	Intern juridisk gjennomgang av eksisterande avtaler og tilføye forrangsbestemmingar. Gjennomgå skattebestemmingane og tydeliggjere norske skattereglar i	01.07.18 01.07.18	AIS AIS

Handlingsplan for oppfølging av internrevisjon frå Helse Vest på internasjonalt samarbeid

<p>om internasjonale skatteavtalar blir overhaldne ved lengre opphald enn eit halvt år då det er opplyst at alle får løn frå Helse Bergen og fullt og heilt skattar til Noreg. Føretaket må også sikre at tilsette som blir utestasjonert over 12 månader søker om framleis medlemskap i norsk folketrygd.</p>		<p>styringsdokumenta våre og i dialogen med tilsette.</p> <p>Tydeliggjere ytterligare i styrande dokumentasjon om frivillig medlemskap i norsk folketrygd</p>	<p>01.07.18</p>	<p>AIS</p>
--	--	---	-----------------	------------